

Ingen festival utan dei frivillige.

04.08.2016



Frå frivilligsamlinga på Dønhaug i går kveld.

**Det hadde neppe vore nokon festival utan alle frivillige som møter fram år etter år.
Dette kom klart fram på frivilligsamlinga i går på Dønhauglåven. Frivilligkoordinator, Mona Enes,
takka og roste alle som gjer eit stort arbeid med planlegging og gjennomføring av årets festival.**

Etter innleiinga gjekk alle i sine grupper. Nytt i år er at det er leigd inn eit vaktselskap som skal hantera meir vanskelege saker for uønska åtferd. Politiet ved Knut Olav Myklebust var med på møte. Han gav gode råd i høve til sikkerhet og sette klare rammer for kva roller og ansvar alle har som frivillig.

Det er alltid mange gjengangarar som frivillige, men kvart år kjem nye til frå heile Kvinnherad. Gildt er det å få meg seg at mange hytte- og campinggjester melder seg som frivillige. Motivasjonen er ei interesse for festivalar, men og at ein ynskjer å bli betre kjend i lokalsamfunnet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Stig Framnes/ Festidalen